

## «FEIRING» o.a. vårteikn 2018

### FEIRING

Naturens revelje  
gjallar vårteikn  
i allrommet -

vertskapet  
stasar seg opp,  
Fader Fjell  
haukar til  
Moder Jord:

La oss heise flagget //



### INNBILLING

Ein innbillar seg  
mykje rart -

eg tenkjer  
ein får vere  
den rariteten  
ein vart -

på vanleg vis //



### BALLETT

«HEDDA GABLER» PÅ TV

Så mykje meir  
ein kan få sagt -

utan å seie  
eit einaste ord //



FREDDIE LANGRIND  
[www.visemakeriet.no](http://www.visemakeriet.no)

### BANESÅRET

Gamalt sår brann  
levande ild  
uavvendeleg -

inntil lisja  
la på  
eit rosa  
hjarteplaster //



### REFLEKS

Det går eit stille tog  
av gule refleksar  
smått ikring -

barn i sin beste alder //



### SANNE TIDA

Eg sanner tida eg er i  
sjølv om eg ville ha vore  
i ei ganske anna

tider skifter  
urverket treng  
til smøring  
og justering

eg har avtale med  
dansemesteren

korporal Mollberg //